

Vinterlandbrukskulen på Jæren



Det kongelige kunnskapsdepartement
Opplæringsavdelinga
Postboks 8119 Dep
NO-0032 Oslo

Klepp 16. januar 2014

Deres ref.
13/5631-

Høyring – Forslag til endringar i opplæringslova – Påbygging til generell studiekompetanse

Vi syner til høyringsbrevet og ønskjer å koma med følgjande uttale i saka:

Vinterlandbrukskulen på Jæren er ein naturbrukskule som driv vaksenagronomutdanning, VG3 landbruk, etter Privatskulelova med særskilt rett til å ta opp vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring etter § 11.1 i Forskrift til privatskulelova.

Vi støttar forslaget om å gi rett til påbygg til generell studiekompetanse etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring. Vi trur dette og vil kunna føra til betre rekruttering til agronomutdanninga på VG3 landbruk ved dei tradisjonelle naturbrukskulane og dermed vera med å dekka noko av kompetansebehovet i landbruksnæringa.

Svært mange av våre elevar har alt fullført fagbrev med fleire år i yrket før dei tar agronomutdanning for å overta heimegarden og eit nytt yrkesliv som bønder.

Vi vil difor be departementet om å vurdera å opna opp for at det og må vera mogleg å byggja på med eit anna yrkesfagleg tredje år som for eksempel VG3 Landbruk innafor ei normalordning. Dette vil gjera det lettare for unge som skal inn i næringa å dekka kompetansebehovet i landbruk, samstundes som dei tar ein annan fagutdanning som basis for ein yrkeskarriere før dei skal overta heimegarden og starta som bønder.

Departementet skriv i punkt 2.8 at forslaget ikkje vil ha vesentlege administrative konsekvensar. Vi vil peika på at skulen vår opplever at andre offentlege instansar, i dette tilfellet skatteetaten, avgrensar retten til meirverdikompensasjon for private vidaregåande skular til om elevane har «rett» til vidaregåande opplæring eller ikkje. Omgrepene «pålagt å utføre ved lov» i lov om kompensasjon for meirverdiavgift blir tolka slik at det må finnast ei føreseggn som gir den enkelte elev *rettskrav* på vidaregåande opplæring. Det held såleis ikkje at skulen plikter å gi eit tilbod til elevar som ikkje har ein slik lovbestemd rett. Dette opplever vi å vera ein svært snever tolking som fører til forskjellsbehandling mellom offentlege og private skular.

Ei opning for at elevar kan få ein utvida rett til påbygg vil og kunne redusera dei administrative konsekvensane vi har vist til ovanfor.

Med vennlig helsing

Ole Eriksen
Rektor